



Oppgåvetekst for praktisk del av sveineprøve i brannførebyggarfaget

Namn på kandidaten:

Stad for avlegging av prøve:

Dato og klokkeslett for start av prøve:

Medlemmer av prøvenemnda:



Til kandidaten

Alle kompetansemåla i læreplanen for faget kan bli prøvt, og arbeidsoppgåvene som blir gitt, vil reflektere krava til fagleg kompetanse.

Du vil i løpet av prøva få munnlege spørsmål innanfor området til læreplanen.

Du vil under heile prøva bli vurdert opp mot helse, miljø og tryggleikskrav.

Sveineprøva skal normalt bli gjennomført over minst 5 verkedagar.

Prøva vil vere samansett av praktisk og skriftleg arbeid som du skal levere til bestemte tider. Du skal ut frå dei oppgåvene som blir gitt, planlegge og gjennomføre prøva.

Den skriftlege planen skal omfatte alle detaljane i prøva.

Du kan bruke alle lover og forskrifter samt monteringsretteiingar.

Alle arbeidsoppgåvene skal du utføre som ei «vanleg» arbeidsøkt, med kommentarar, informasjon og eventuelle avvik/merknader til huseigar.

Les nøye gjennom oppgåva og signer erklæringa på siste side når oppgåva er lest og forstått.



Del 1

Planlegging av arbeidet og grunngiving for valde løysingar

Lag ein plan for korleis du vil gjennomføre sveineprøva med dei oppgåvene du får her.

Du skal levere ein skriftleg plan til prøvenemnda i løpet av den første prøvedagen.

Minimum innhald:

- Plan for arbeidet og grunngiving for løysingane du vel.
- Tidsutrekningar for alle oppgåvene.
- Skildring av helse, miljø og tryggleikstiltak.



Del 2

Gjennomføring av fagleg arbeid, oppgåve 1:

Feiing av skorstein:

- A) Du skal føre eit dagsverk med feiing av skorsteinar i samsvar med Brann og eksplosjonsvernloven med forskrifter. Du skal utføre feiing av antal skorsteinar. Det blir lagt opp til ein vanleg dag med feiing.
- B) Du skal vurdere risikoen av hyppigheita for feiing ved kvart enkelt objekt varsla i samband med sveineprøva, med grunngiving.

Gjennomføring av fagleg arbeid, oppgåve 2:

Førebyggjande brannvern:

- A. Du skal føre eit dagsverk av tilsyn med fyringsanlegg og persontryggleik i objekt i samsvar med Brann og eksplosjonsvernloven med forskrifter. Du skal utføre tilsyn med antal fyringsanlegg/objekt. Det blir lagt opp til ein vanleg dag med tilsyn.
- B. Du skal utarbeide ein rapport om dei forholda som blir avdekt, med skriftleg føreslegne tiltak på korleis ein lukker avvika.
- C. Du skal vurdere risikoen av hyppigheita for tilsyn ved kvart enkelt objekt varsla i samband med sveineprøva, med grunngiving.

Gjennomføring av fagleg arbeid, oppgåve 3:

Ut frå dei oppdraga du har utført/varsla under feiing og tilsyn, skal du utarbeide ein skriftleg prioriteringsplan med tiltak for vidare oppfølging med grunngiving. Dersom det er mogleg, skal tiltaka bli gjennomført under sveineprøva.



Nemnda bestiller følgende oppdrag frå kandidaten, oppgåve 4:

	Du skal halde ein presentasjon på mellom 5–10 minutt om grunnleggande førstehjelp.
	Du skal demonstrere utføringa av grunnleggande HLR ved observasjon av bevisstlaus person. Du kan nytte dokke/markør.
	Du skal demonstrere korleis ein sløkker brann i person og forklare korleis ein kan redusere konsekvensane ved brannskade.
	Du skal gjere greie for kva faktorar som er medverkande til at mengda sot aukar i samband med fyringsanlegget.
	Du skal halde ein presentasjon på om lag 5 minutt om kva farar og risiko sot har for brannførebyggjarar.
	Du skal halde ein presentasjon på om lag 5 minutt om kva krav som blir stilt til partikkelutslepp i Noreg, og korleis utslepp påverkar miljøet lokalt.
	Du skal lage ein brosjyre (digital eller fysisk) om kvifor rett fyring er viktig for miljøet.
	Du skal halde ein presentasjon om rolla brannførebyggaren har, som myndigheitsutøvar i samfunnet.
	Du skal forklare saksgangen frå tilsynsrapport til sanksjon og korleis dei ulike stega fungerer.
	Du skal demonstrere bruken og rettleie om ulike typar sløkkemiddel og sløkkemetodar.

Tre tomme felt der nemnda kan definere eigne oppgåver ut frå kompetansemåla i læreplanen.



Del 3

Vurdering og dokumentasjon av egne arbeid:

Lag ei eigenvurdering og ein dokumentasjon av sveineprøva di.

Vurderinga og dokumentasjonen skal du levere skriftleg til prøvenemnda innan kl. 12:00 på den siste prøvedagen.

Vurderinga og dokumentasjonen må innehalde element frå alle arbeidsoppgåvene som er utført under prøva, også HMS.



Erklæring frå kandidaten:

Eg,
.....,

(namn og fødselsdato til kandidaten)

erklærer med dette å ha mottatt oppgåva den
.....

(dato og klokkeslett)

Eg er kjend med retningslinene for den praktiske delen av sveineprøva.

Medlemmene i prøvenemnda har vore til stades ved utdelinga av oppgåva.

Eg har lest gjennom oppgåva og hatt høve til å stille prøvenemnda oppklarande spørsmål.

Eg er kjend med at opplysningar om personar og prøvestad i samband med prøva er underlagt teieplikt. Denne teieplikta gjeld også etter at prøva er avlagt.

....., den.....

(stad)

(dato)

.....
(underskrifta til kandidaten)

Kandidaten har legitimert seg.

.....
(underskrifta til prøvenemnda)